

# 3.1 KVEN BESTEMMER OVER KROPPEN DIN?

## FIRE HJØRNE

... framhald frå førre sida

### DILEMMA 1:

Katrine skal i selskap med foreldra sine. Når foreldra hennar ser kva ho har teke på seg, blir dei sure fordi dei ikkje likar kledda. Dei seier at ho skal bytte dei. Kva kan Katrine gjere?

1. Katrine kangjere som mora og faren hennar seier.
2. Katrine kan insistere på sjølv å få avgjere kva slags klede ho skal bruke.
3. Katrine kan prøve å snakke med foreldra sine om det.
4. Andre alternativ.

### DILEMMA 2:

Mats har eit problem. Det er ikkje lås på badedøra heime, og når Mats dusjar, kjem mora og storesøstera hans berre brasande inn utan å banke på eller spørje om lov. Mats synest det er veldig ekkelt, og han veit ikkje kva han skal gjere.

1. Mats kan sørgje for å få sett ein lås på døra.
2. Mats kan akseptere situasjonen – at andre kjem inn på badet når han er der.
3. Mats kan snakke med heile familien om det.
4. Andre alternativ.

### DILEMMA 3:

Malik og Marie er gode venner, men no veit ikkje Malik kva han skal gjere. Dei siste par gongene han har vore saman med Marie, har ho prøvd å kysse han. Malik har ikkje lyst til det, men han har heller ikkje lyst til å såre Marie ved å seie nei. Kva kan han gjere?

1. Malik kan fortelje Marie at han ikkje har lyst til å kysse med henne.
2. Malik kan late som ingenting og håpe at Marie ikkje skal kysse han.
3. Malik kan la Marie få lov til å kysse han.
4. Andre alternativ.

### DILEMMA 4:

Anders, Tarek og Freddy er gode venner. Ein dag drog Freddy ned buksa på Anders, medan Tarek tok eit bilete. Biletet vart sendt vidare til andre på skulen som «dagens rumpe», men utan at Anders visste noko om det. No er det mange som snakkar om biletet, og Tarek og Freddy er redde for kva Anders vil seie om han får vite at dei har sendt biletet til andre. Kva bør Tarek og Freddy gjere?

1. Dei bør fortelje andre at dei ikkje skal spreie biletet vidare, og at dei ikkje skal fortelje noko til Anders.
2. Dei bør fortelje det til Anders, slik at han veit om det.
3. Dei skal ikkje gjere noko og heller håpe at det heile blir fort gløymt.
4. Andre alternativ.

